

# Seglingsvedtekter Jolle KM 22-23. august 2009



## 1. Gjeldande reglar

- 1.1 Regattaen vil vera underlagt *reglane* slik dei er definert i Kappseglassreglane.
- 1.2 Regattaen er klassifisert som kategori C, i samsvar med ISAF Reklameregler (Advertising Code).
- 1.3 Skandinavisk Seglforbund si føresegn om regel 30.2 og 30.3.
- 1.4 Aktuelle klassereglar.
- 1.5 HSK sine reglar for arrangement av KM Joller.
- 1.6 HSK sine reglar for arrangement av HordaCup.


## 2. Meldingar til deltakarane

Meldingar til deltakarane vil verta slått opp på den offisielle oppslagstavla ved regattakontoret i det nye klubbhuset til Ran Seilforening og på [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no)

## 3. Endringar i seglingsvedtektene

Eventuelle endringar i seglingsvedtektene vil verta kunngjort på oppslagstavla og på [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no) før klokka 0900 same dag som dei trer i kraft, bortsett frå eventuell endring i tidsprogrammet som vil verta kunngjort seinast kl. 20:00 dagen før dei trer i kraft.

## 4. Signal på land


- 4.1 Signal på land vil verta vist på signalmast på det nye klubbhuset til Ran Seilforening.
- 4.2 Når signalflegg AP  vert vist på land skal *eit minutt* i Signal for kappseglass AP erstattast med *ikkje mindre enn 40 minutt*.


## 5. Tidsprogram for seglasane

5.1 Lørdag 25. august kl. 12:00 Fyrste varselsignal

Søndag 26. august kl. 12:00 Fyrste varselsignal


5.2 Ved målgong for kvar kappseglas vil komitebåten visa anten:

Signalflagg **Q**  Det vert minst ein seglas til same dag, og starten vil gå så snart som råd. eller

Signalflagg **R**  Det vil ikkje verta segla fleire seglasar same dag.









5.3 Det vil verta segla inntil 4 kappseglasar kvar dag og maksimalt 6 i serien.

5.4 Klasse **Optimist C** seglar inntil 4 seglasar kvar dag. Dersom startbåt viser

 talstandard 2 ved målgang tyder dette at vidare instruksjonar vil bli gitt på land i Anglevik.

## 6. Klasseflagg

6.1 Følgjande klasseflagg vert nytta:

Snipe	Signalflagg D	
Laser	Signalflagg E	
Europajolle	Signalflagg F	
29`er	Signalflagg T	
Zoom	Signalflagg G	
Optimist A	Signalflagg J	
Optimist B	Signalflagg K	
Optimist C	Signalflagg O	

6.2 Optimistjolleklassane vert definert slik:

Optimist Klasse A Seglarar med god seglrøynsle i alle slags tilhøve (vind, bølger, skipslei) og god regattarøynsle. Frå og med det året dei fyller 11 til og med det året dei fyller 15.

Optimist Klasse B Seglarar med god seglrøynsle og avgrensa regattarøynsle. Frå og med det året dei fyller 11 til og med det året dei fyller 15.

Optimist Klasse C Nybyrjarar og dei yngste seglarane. Til og med det året dei fyller 10 år, men òg eldre seglarar som er fyrste års nybyrjarar.

6.3 Optimist klasse B skal ha blått band i spristaken. Dette kan hentast på regattakontoret.

6.4 Startrekkefølge vil framgå av deltakarlista.

## 7. Baneområder

7.1 Det vil verta nytta to baneområder:


Bane 1 Hjeltefjorden i farvatnet mellom Anglevik/Småholmane og Saltsko-odden

Bane 2 Hjeltefjorden i farvatnet mellom Skorpa og Rotøyane

7.2 Klassane skal segla på fylgjande banar:

Bane 1: Optimist C

Bane 2: Optimist A, Optimist B, Snipe, Laser, Europajolle, 29'er og Zoom



7.3 Sjøkartutsnittet viser kvar baneområda er. Bane 1 er markert med raud grense og bane 2 er markert med grøn grense. Ver merksam på at desse grensene berre er rettleiande. Dersom banesjefen finn det naudsynt, av omsyn til tryggleik og/eller grunna rådande vindtilhøve, kan banane verta lagt til områder heilt eller delvis utanfor det som er skissert som baneområder i kartet. NB! Dette kartutsnittet bør ikkje nyttast til å navigera etter!

7.4 Banesjef

Banesjef på baneområde 1 er Steinar Kålås

Banesjef på baneområde 2 er Kjell Magnus Økland

## 8. Løpet

8.1 Det skal i utgangspunktet seglast på trekantbane type Napoli. Merk at det ikkje vil verta gitt noko noko særskilt signal frå startbåt når det skal seglast på trekantbane. Banesjefen kan avgjera å bruka




lo/le pylsebane. Då vil dette verta signalisert frå startbåten ved at signalflegg W (hugseregel: wurst=pylse) vert vist saman med 3 lydsignal minst 5 minutt før varsel signal.


8.2 Baneskisse for trekantbane type Napoli


Alle merker skal rundast om babord. Alle klassar, unntatt Optimist Rekrutt, skal segle bane type Napoli. Optimist Rekrutt seglar berre ein og ein halv runde på Napoli banen.

**Napoli**  
Start-1-2-3-1-3-Mål




**Bane for Optimist C**  
S-1-2-3-Mål




8.3 Pylsebane (signalflegg W )

Alle merker skal rundast om babord. Alle klassar, unntatt Optimist Rekrutt, skal segla full pylsebane. Optimist Rekrutt seglar berre ein og ein halv runde på banen.

**Pølsebane**  
Start-1-2-1-2-Mål



**Pølsebane for Optimist C**  
S-1-2-Mål





## 9. Merker

9.1 På bane 1 vil merke 1, 2 og 3 vera oransje, runde bøyer.

9.2 På bane 2 vil merke 1, 2 og 3 sylindforma raude og gule bøyer.

9.3 På begge banar vil avgrensingsmerke for start- og mållinja vera ein rund oransje bøye.

## 10. Starten

10.1 Startlinja vil vera mellom merke 3 (merke 2 dersom pylsebane) ved babord ende og avgrensingsmerke for startlinja ved styrbord ende. Siktelinja for startlinja går over begge merka. Startbåt vil liggja på forlenginga av startlinja ved styrbord ende.


10.2 Starten skjer i samsvar med regel 26. Ver merksam på at varselsignal for neste klasse kan verta gitt ved eller etter startsignalet for førre klasse.


10.3 Båtar som ikkje har fått varselsignal skal halde seg borte frå startområdet.

10.4 Ein båt som startar seinare enn 5 minutt etter sitt startsignal vil verta notert som DNS (starta ikkje). Dette endrar regel A4.1.

## 11. Endring av posisjonen for neste merke

11.1 For å endra posisjonen for neste merke vil regattakomiteén flytta det opphavlege merket (eller mållinja) til ny posisjon. Dette vil verta gitt signal om endringa før leiande båt har byrja på leggen, sjølv om merket enda ikkje er komen på plass i den nye posisjonen. Eit kvart merke som skal rundast etter rundinga av det merket som vart flytta, kan flyttast utan yttarlegare signalisering for å oppretthalde det opphavlege mønster på banen.

11.2 Ei endring til styrbord vil bli vist ved å vise et grønt trekanta flagg .

Ei endring til babord vil bli vist med eit raudt rektangulært flagg . Jamfør regel 33 (a)(2).

## 12. Avkorting

12.1 Signal om avkorting av løpet vil verta gitt i samsvar med 32.2 gjennom å visa



signalflagg S ved eit merke i løpet. Mållinja vil då vera som skildra i regel 32.2 (a).

12.2 Dersom signalflagg S vert vist åleine gjeld avkortinga alle klassar som enda ikkje har runda merket. Dersom signalflagg S vert vist saman med klasseflagg gjeld avkortinga berre for den eller dei klassar som det er vist klasseflagg for.

## 13. Mål

13.1 Mållinja vil vera mellom merke 1 ved babord ende og avgrensingsmerke for mållinja ved styrbord ende. Målbåt vil liggja på forlenginga av mållinja ved styrbord ende.

13.2 Dersom arrangøren mislukkast i å leggja ut målbøye ved styrbord ende av mållinja, vil målbåt



erstatta bøyen og visa signalflagg M. Mållinja vil då vera mellom bøye ved babord ende og stang med signalflagg M på målbåten, ved styrbord ende.


## 14. Maksimaltid

Maksimaltid for kvart løp er 90 minutt. Båtar som ikkje fullfører innan 30 minuttar etter den fyrste båten i klassen som har seilt løpet og fullført, vert notert som DNF (fullførte ikkje). Dette endrar regel 35 og A4.1.

## 15. Protestar og søknader om godtgjersle

15.1 Protestskjema vert utlevert på regattakontoret. Protestar skal leverast der innan protestfristen. Det er ingen protestavgift.

15.2 Protestfristen er 45 minutt etter at komitebåt for det aktuelle baneområdet har kome til hamna i Anglevik etter avvikling av dagens siste seglas. Opplysning om protestfrist vil verta slått opp på oppslagstavla.

15.3 Flagg B  heist med eit langt lydsignal tyder at det er motteke protest. Signalflagg B vert firt når dagens protestar er handsama. Melding om protestar vil verta slått opp på oppslagstavla fortløpande, og seinast 15 minutt etter protestfristen sitt utløp, for å underretta deltakarane om høyringar der dei er parter eller er oppnevnt som vitne. Dette gjeld som melding til involverte båtar, òg for protestar frå regattakomiteen eller protestkomiteen, i samsvar med regel 61.1 (b). Høyringane vil gå føre seg i Ranheim.

## 16. Poengsystem

16.1 Lavpoengsystemet i Appendix A vert nytta.


16.2 Det må fullførast minst to kappseglasar for at det skal vera ein gyldig KM-serie.

- (a) Når 3 eller færre seglasar har blitt fullført, vil den totale poengsummen til ein båt vera teljande.
- (b) Når 4 eller fleire seglasar har blitt fullført, vil den totale poengsummen minus ein båt sitt dårlegaste resultat vera teljande.

16.3 Båtar i klasse Optimist C vert ikkje rangert etter resultat.

## 17. Trenar og tilskodarbåtar

17.1 Trenar/tilskodarbåtar skal under seglasane halda seg utanfor regattabanen, og kan berre gå inn i baneområdet for å yta assistanse til ein deltaker i samsvar med regel 41.

17.2 Ein trenarbåt frå arrangøren, merka med signalflagg U , har høve til å bistå båtar i Optimist klasse C. Dersom denne trenarbåten på nokon måte kan forstyrre dei øvrige båtane, skal han trekkja seg ut av feltet inntil situasjonen er avklart. Trenarbåten skal i utgangspunktet konsentrera seg om dei til ei kvar tid bakerste båtane. Dette endrar regel 41.

## 18. Tryggleiksreglar

Ein båt som trekkjer seg frå ein seglas skal underretta regattakomiteén så snart som råd. Trenar/tilskodarbåtar frå andre lag vert med dette oppmoda til å ta del i sikringsarbeid det som det tilhøva tilseier at seglarar og båtar treng assistanse. Hugs at fyrst og fremst skal seglarar bergast, dinest båtar og utstyr.

## 19. Premiar

Det vert delt ut KM-medaljar i gull, sølv og bronse til mannskapa om bord i dei tre beste båtane i kvar gyldig KM-klasse (5 startande båtar eller meir). Attåt dette vert det mannskapspremiering til 1/3 av startande båtar i kvar klasse. Det vert berre premiert i klassar med tre eller fleire startande båtar. Zoom vert uansett delt i yngste og eldste klasse, som kan premierast som eigne KM-klassar dersom kravet til deltaking er oppfylt.

## 20. Ansvarsfråskrivning

Deltakarar i regattaen deltar eine og åleine på eige ansvar, jamfør regel 4. Arrangøren vil ikkje akseptera noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall, som har inntruffe i samband med arrangementet, verken før, under eller etter regattaen.

## 21. Regattakontor

Regattakontoret er i det nye klubbhuset til Ran Seilforening og har fylgjande opningstider:

Fredag 21. august kl. 18.00 – 20.00

Laurdag 22. august kl. 08.30 – 11.00

Sundag 23. august kl. 09.30 – 10.00

Etter seglasane er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen. Regattakontoret kan nåast på telefon 99 58 19 73 (Steinar Kålås) eller 95 04 67 39 (Kjell Magnus Økland). Merk at regattakontoret vil ikkje svara på førespurnader om resultat, verken sammenlagt eller i enkeltseglasar. Slike opplysninger, samt informasjon om protestar, vert å finna på den offisielle oppslagstavla.

*Ran Seilforening ynskjer å publisera bilete frå seglasen. Send difor inn bilete til e-post adressa [ranbilder@gmail.com](mailto:ranbilder@gmail.com) innan 24 timar etter seglasen og dei vert publisert i Ran Seilforening sitt bildegalleri på [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no)*



God seglas!